



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		67956/2014/223	Anna-Marie Hatlestad	30.10.2014

Framtidig struktur i universitets- og høgskulesektoren

Fylkesordføraren i Møre og Romsdal vil med dette informere om at Fylkestinget i Møre og Romsdal den 14. oktober gjorde følgjande vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår ei samanslåing av dei tre høgskolane i fylket med undervisning på dei fire eksisterande campus (Ålesund, Molde, Volda og Kristiansund).
2. Ein ny universitets- og høgskulestruktur må ta omsyn til Møre og Romsdal sitt sterke næringsliv og behovet næringslivet har for næringstilpassa utdanningsbehov. På same måte må ein ta omsyn til den viktige funksjonen Høgskulen har med omsyn til å forsyne offentleg sektor med kvalifisert arbeidskraft. Møre og Romsdal treng ein lokalt forankra høgskole som gir forskingsbasert utdanning.
3. Ein ny universitets- og høgskulestruktur må ikkje svekke det fruktbare samarbeidet som høgskolane i fylket og næringslivet har bygd opp innanfor anvendt forskning.
4. Ny struktur må ta høgde for eit sterkare samarbeid mellom grunnforskingsmiljø nasjonalt eller internasjonalt og næringslivet i Møre og Romsdal, der den lokale høgskolen er ein viktig tilretteleggar for eit slikt samarbeid. Det må derfor byggast ein struktur som gir grunnforskingsmiljøa insentiv til å samarbeide med dei regionalt forankra høgskolane og deira forskingsmiljø i fylket som driv anvendt forskning.

Saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

